



Indianarflokken klar til arbeid og leik laurdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Rundt rekna 50 indianarar bur i fem lavoar ved Fjellandsbø natt til søndag!
Lukkelegvis er dei slett ikkje på krigsstigen, dei vil oss alle vel.**



Kven i all verda? Kan det vera Amesen?
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter mønster av arrangementet for to år sidan sette Barnas Turlag opp indianarleiren laurdag ettermiddag, som ein optakt til den store friluftsdagen søndag.

Og det vara ikkje lenge før indianerane fekk kvar sine klart definerte oppgåver av han som uskedalen.no tillet seg å kalla STORE ØRN: Helge Furdal frå Seimsfoss, ein av leiarane for turlaget.



Solveig Haugland (7) målar. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Klar med nylaga pil og boge: Kristian Enes (8) (Foto: Ola Matti Mathisen).

Nokon skulle fiska frå kano på Fjellandsbøvatnet, nokon skulle male på lerret som så skulle hengast opp, nokon skulle lage pil og boge og nokon skulle plukka blåbær! Medan alt dette gjekk føre seg skulle høvdingane få på plass ein vaksen totempel av bjørk, sjølve symbolet for leiren.



Klare for kanoferd og fiske på

- Dette er ein praktisk innretta leir der unge og vaksne er saman om oppgåvene. Det er ein fin måte å formidla kunnskap på, uttala STORE ØRN medan han var med og ga direktiv for reisinga av totempelen.

Fjellandsbøvatnet . (Foto: Ola Matti Mathisen)



Smikeprosessen gjekk greitt føre seg. Her er det Hege Lekva og Janne Yri som tek seg av Tørres Lekva Myklebust (4). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei mange indianarane skal også vera med på friluftsdagen søndag, som startar klokka 12 og lokkar med eit vidt spekter av aktivitetar – frå klatring og padling til riding og tyrolartravers.

Nok ein gong vil mange – både unge og eldre – få oppleva kor eineståande natur-eldoradoet inst i Uskedalen er. Det er verkeleg både ein ressurs og ein attraksjon både for oss som bur her og for tilreisande. Og det er plass til langt fleire brukarar.

Av Ola Matti Mathisen



Fem sterke karar får totempelen på plass. (Foto: Ola Matti Mathisen)